



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

NVE

Dato: 29 okt. 2021

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Høyring av søknad om løyve til uttak av vatn frå Gjerdsetvatnet i Rauma kommune i Møre og Romsdal

Vi viser til utsending med høyring av søknad om uttak av vatn frå Gjerdsetvatnet i Rauma kommune av 28.09.2021 med høyringsfrist 10.11.2021.

FNF Møre og Romsdal sendte i 2018 ei bekymringsmelding til Rauma kommune om langvarig nedtapping av Gjerdsetvatnet og bad om ei utgreiing av kommunen om korleis dette var handsama etter vassdragslova/naturmangfoldlova/anna lovverk. Vi fekk svar; «Tiltaket som har blitt gjort er å etablere en reservevannforsyning til Hamre genbank. Dette blir gjort etter krav fra Miljødirektoratet. Det er altså ikke snakk om en nedtapping av vatnet.» Vedlagt dette svaret lå også ved ein dispensasjon frå kommuneplan og løyve for etablering av damhus og røyrgate.

Ut frå ovanfornemnde bekymringsmelding er vi no nøgde med at nedtappinga og reguleringa av vatnet i Gjerdsetvatnet/Hamreelva har kome fram til ein søknad etter vannressurslova. Og så er det jo no på tide at papira kjem på stell i eit settefiskanlegg der det offentlege (Miljødirektoratet) har store ålmenne interesser.

Slik vi oppfattar historia med etableringa av settefiskanlegget på Hamre og uttak til dette formålet starta det i 1986. I starten var anlegget ein del av produksjonsapparatet til Møre Edelfisk som dreiv vanleg oppdrettsverksemd. Så i 2013 gjekk det over til settefiskanlegg for å bevare genmateriale for utryddingstrua aure-/laksestammer. Dette utgjør 35 års og 8 års uttak av vatn frå vassdraget utan løyve respektivt for eit kommersielt settefiskanlegg og ein genbank der staten har vore oppdragsgivar. Vi synes denne historia er vesentleg å få fram då søknaden jo ber preg av å fokusere på det positive for naturen ved ivaretagelse av trua fiskebestander. Søknaden seier lite om at det historisk har vore vanleg næringsverksemd her.

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no
www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Det er jo fint å bruke argumentet å berge Skibotn- og Drivafisk for å regulere eit vassdrag, men dette er jo berre ein kort bolk (8 år) av eit vassdrag si livslengde. Og søknaden seier lite om kva framtida bringer for anlegget – eller er det kanskje slik at konsesjonen blir nullstilt om settefiskanlegget går tilbake til vanleg næringsverksemd ?

Utgangspunktet for vårt standpunkt knytt til uttak av vatn i dette vassdraget er at reguleringa må følgje standardvilkåra for ein konsesjon med den kunnskapen vi har i 2021. I dette ligg eit krav om minstevassføring – alt anna er jo på tvert av all vår kunnskap, lovar og reglar og avtaler av nasjonal/internasjonale karakter. I tillegg meiner vi at ein også må vurdere avbøtande tiltak og reguleringshøgde i Gjerdsetvatnet – og dette må settast i samanheng med kva minstevassføringa blir satt til.

Vi har lest søknadspapira og har granska dei historiske kjelder vi har nådd i. Vi registrerer at Gjerdsetvatnet og Hamreelva har vore regulert på ymse vis lenge. Mykje av skadane har alt skjedd for lenge sidan. Men sjølv om vassdraget har vore herja med på ymse vis i alle dei år gjer det framleis ikkje at vi synes det er greitt å tørleggje ei elv. Å lese om og erfare vårt folks historie med herjing i natur kan jo ofte vere forferdeleg lesing utan at vi treng å fortsette med å gjere feila som våre forfedre gjorde.

No har jo FN har bestemt at **2021-2030 skal være verdens tiår for restaurering av økosystemer**. Naturrestaurering er tiltak for å reparere og forbetre natur og økosystem som er øydelagt eller forstyrret. FN ønskjer at tiåret for naturrestaurering skal gi eit verkeleg løft til arbeidet med å restaurere skada og øydelagt natur. Kanskje Gjerdsetvassdraget er eit fint vassdrag å prøve ut eit restaureringsprosjekt ?

At nedre vasstand i Gjerdsetvatnet blir sett nokre centi lågare enn historisk ser vi ikkje på som noko problem i seg sjølv, men satt i samanheng med minstevassføringa blir dette feil. For i søknaden om reguleringa av Gjerdsetvatnet blir HRV og LHV kobla til minstevassføringa med følgjande ordlyd (på side 19); *«Et evt. minstevannføringskrav kan medføre et behov for større regulering av Gjerdsetvatnet for å sikre at det er tilstrekkelig med vann til genbanken. Simuleringer basert på data for de siste 30 årene viser at det er nok vann til genbanken med planlagt/omsøkt teknisk løsning.»*

Ved denne ordlyden kjem jo utfordringa med manglande ønskje frå søkjaren om minstevassføring fram. Det er for oss ganske utruleg at søkjaren ikkje ser det sjølv at ved å justere ned anlegget, å ta mindre vatn av vassdraget, så vil det vere vatn att i vassdraget til ei minstevassføring slik at det framleis er liv i elva samstundes som ikkje reguleringshøgda blir for dramatisk. Vi saknar ei simulering/berekning av ei fagleg rett minstevassføring utan for store konsekvensar for naturen.

Om ein prøver å sjå i glasskula og moglegheitene for å revidere konsesjonsvilkår om dette skulle vere nødvendig i framtida, er det ikkje mogleg slik reglane er no, å gjere noko med høgaste regulerte vasstand (HRV) og laveste regulerte vasstand (LRV). Vi finn det difor rett å ikkje rå til endringar i det noverande reguleringsintervallet ut frå denne situasjonen også.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Norge er delt inn i elleve vannregionar som har som ansvar å sikre berekraftig bruk av sine vassressurser, kor det i syklusar på seks år utarbeidast heilheitlege vassforvaltningsplanar med miljøtiltak for enkeltvassdrag og kystsoner. Regional vassforvaltningsplan med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram for Møre og Romsdal er no under utarbeiding. Den regionale vassforvaltningsplanen er eit viktig verktøy for å oppfylle vassforskrifta sitt mål om heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassmiljøet og vassressursane våre. Det viktigaste planen gjer er å fastsette miljømål i kyst, innsjø, elv og grunnvatn. Miljømåla har eit overordna mål om at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand innan 2027 og krev miljøforbetrande tiltak for å oppnå desse måla.

EUs rammedirektiv for vatn – vassdirektivet – sett rammane for korleis vassmiljøet skal ivaretakast, og Norge har tatt dette inn i EØS-avtalen, samt vedteke ei forskrift for gjennomføringa. Vassdirektivet har som mål å sikre heilheitleg beskyttelse og berekraftig bruk av vannførekomstane i alt kystvatn og alle vassdrag. Slik vi les denne søknaden vil den føre til ein dårlegare tilstand på vassførekomsten og vil vere i strid med EUs vanndirektiv og såleis ikkje vere akseptabel.

I søknaden går det fram at Statsforvalteren i Møre og Romsdal informerte om Hamreelva ble elfisket i 1983, men at dei kunne ikkje finne resultata. Vi har teke kontakt med Statsforvalteren og fekk vite at dei fann fisk ved elfisking i nedre del av Hamreelva. Vi legg til grunn at fisken dei statsansatte fann var sjøaure som gjekk opp i elva frå sjøen. Sjølv om det er ein kort strekning frå sjøen er det likevel ein gytestreking for sjøaure slik vi ser det. Som dei fleste veit er jo sjøauren ein trua art etterkvart. Vi saknar ein betraktning og vurdering i søknaden om dette.

Vi veit at det er gjort fleire prøvefiske i Gjerdssetvatnet utan at dette kjem fram av søknaden. Vi finn det naturleg at søknaden inneheld ei vurdering av konsekvensar av uttak av vatn slik det er omsøkt også på fiskebestandane i Gjerdssetvatnet.

Ål har i lengre tid vært rekna som kritisk trua (CR) med nedadgående bestandsutvikling på den internasjonale rødlista av IUCN, altså blant dei mest utrydningstrua artane i verda. Det har dei siste 30 år blitt registrert ein sterk nedgong i ålebestandane i Europa, og det estimerast at rekrutteringen er redusert med 95 prosent i denne perioda. Dagens tilstand skyldast summen av påverknader som både varierer lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Inngrep i vassdraga våre reknast som ein sentral årsak til nedgongen i bestanden. I Norge er ikkje nedgangen like tydeleg som i resten av Europa, men også her er rekrutteringen sterkt redusert, samtidig som tettheita både langs kysten og i vassdraga er redusert. Denne nedgangen både i Norge og i resten av Europa førte til at ålen i 2006 blei satt opp på rødlista, klassifisert som kritisk truet, på engelsk Critically Endangered, forkortet CR.

I søknaden står det blant anna; «*Det er ikke kjent at prosjektområdet har spesiell verdi for ål (VU), men det kan ikke utelukkes at Gjerdssetvatnet har verdi for ål.*»

Vi har prøvd å finne fram data/registreringar frå Statsforvaltaren gjort knytt til ål i vårt fylke



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

(1982), men har ikkje lukkast i det. Tross alle prøvafiska gjort i Gjerdsetvassdraget finn vi heller ikkje informasjon om ålen der då prøvegarnsfiske jo ikkje fiskar på ål.

Det vi veit er at i Rauma kommune er det to vassdrag som er omtala på folkemunne som historisk viktige ålevassdrag, Oravatnet og Gjerdsetvatnet. I Hamreelva er det sogar omtala at husmenn hadde oppgåva med å røkte ålefella på utgåande ål. Så alt vi har høyrte om Hamreelva og Gjerdsetvatnet tyder på det motsatte av det som står i søknaden ved at vassdraget har ein spesiell høg verdi for ålen. Alt vi veit tyder difor på at Gjerdsetvatnet og Hamreelva er vesentleg for ålbestanden i regionen. I denne samanheng er det vesentleg at det er vatn i Hamreelva nok til at ålen har noko å vandre i oppstraums samstundes som inntaket av vatnet frå Gjerdsetvatnet er slik uforma at ikkje all utvandrande ål dør på veg ut.

Konklusjon

FNF Møre og Romsdal krev at det blir satt ei minstevassføring for Hamreelva og reguleringshøgde ikkje utover det historiske reguleringsintervallet i Gjerdsetvatnet. Minstevassføring må vere sikker slik at ei minste mengde vatn må renne over uansett anna vassbehov. Både minstevassføring i Hamreelva samt reguleringshøgde i Gjerdsetvatnet må kunne observerast visuelt av alle.

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:
Rauma kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal